



Knut Ingar Myklatun

Arkivsak-id-doknr:	16/744-4	Saksh:	Gunnhild Sandvin	Arkivkode	Dato:
Journalpostid:	16/5999	Telefon:	53 67 35 37	K1 - 233, K2 - C00	22.11.2016

## Melding om vedtak - intern endringar knytt til biblioteksturktur

Eid fjord formannskap - 16/141:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

- 1) Eid fjord kommune aksepterer tilskotet frå Hordaland fylkeskommune på kr. 100 000,- og gratis konsulenttenester.
- 2) Eid fjord bibliotek vert flytta ned i 1. etasje og samarbeider med tenestetorget om publikumsretta tenester.
- 3) Eigenandelen til Eid fjord kommune på kr. 100 000 vert finansiert av disposisjonsfond «interkommunal barnebibliotekar» kr. 66 000 og resten vert driftsbudsjettet ansvar 40 kultur.
- 4) Eventuelt overskot frå driftsbudsjettet for folkebiblioteket 2016 vert brukt til med-finansiering.

Med venleg helsing  
Eid fjord kommune

Gunnhild Sandvin  
møtesekretær

Kopi til arkiv og kopibok

**Kopi til:**  
Marta Tveit





## EIDFJORD KOMMUNE

Arkiv: K1 - 233, K2 - C00  
Arkivsak ID: 16/744 - 3  
Journalpost ID: 2016005755  
Saksh.: Celik, Lisbeth Bygstad  
Dato: 04.11.2016

## SAKSGANG

Utvælg	Møtedato	Saknr
Eid fjord formannskap	14.11.2016	16/141

### Intern endringar knytt til biblioteksturkutur

#### Andre dokumenter i saken:

Støtte til modellbibliotekprosjekt i Eidfjord  
Søknad om støtte til prosjekt om modellbibliotek i Eidfjord

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1) Eidfjord kommune aksepterer tilskotet frå Hordaland fylkeskommune på kr. 100 000,- og gratis konsulenttenester.
- 2) Eidfjord bibliotek vert flytta ned i 1. etasje og samarbeider med tenestetorget om publikumsretta tenester.
- 3) Eigenandelen til Eidfjord kommune på kr. 100 000 vert finansiert av disposisjonsfond «interkommunal barnebibliotekar» kr. 66 000 og resten vert driftsbudsjettet ansvar 40 kultur.
- 4) Eventuelt overskot frå driftsbudsjettet for folkebiblioteket 2016 vert brukt til med-finansiering.

14.11.2016 - Eidfjord formannskap

Røysting:  
Samrøystes vedteke.

#### FSK - 16/141 - Vedtak:

- 1) Eidfjord kommune aksepterer tilskotet frå Hordaland fylkeskommune på kr. 100 000,- og gratis konsulenttenester.
- 2) Eidfjord bibliotek vert flytta ned i 1. etasje og samarbeider med tenestetorget om

publikumsretta tenester.

- 3)Eigenandelen til Eidfjord kommune på kr. 100 000 vert finansiert av disposisjonsfond «interkommunal barnebibliotekar» kr. 66 000 og resten vert driftsbudsjettet ansvar 40 kultur.
- 4) Eventuelt overskot frå driftsbudsjettet for folkebiblioteket 2016 vert brukt til med-finansiering.

### **Desse har uttalt seg i saka:**

**Særutskrift skal sendast til:** Eidfjord økonomikontor

**Endeleg avgjerd i:** Eidfjord formannskap

### **Saka gjeld:**

Folkebiblioteket er eit lovpålagt kommunal oppgåve. I 2013 vart det vedtatt ny lov om folkebibliotek.

« Folkebiblioteket skal ha til oppgåve å fremja opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bur i landet. Folkebiblioteka skal vera ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt.

### **Bakgrunn**

Folkebiblioteket er ein lovpålagt communal oppgåve. Den nye Lov om folkebibliotek (folkebiblioteklova) har i større grad enn før konkretisert innhaldet i denne tenesta:

«§ 1. *Målsetting*

*Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.»*

Eidfjord folkebibliotek ligger i dag i tredje etasje på kommunehuset. Folkebiblioteket har 10 timer opningstid i veke, fordelt på tre dagar: måndag kl. 12-16, onsdag kl. 17-19 og fredag kl. 10-14. Biblioteksjefen er tilsett i 60% stilling, herav 10% på skulebiblioteket.

### **Historikk**

Kommunestyret løvva kr 30000,- i budsjettet for 2014 til eit forprosjekt flytting av bibliotek. Målet var å setja biblioteket i stand til å oppfylla dei nye krava i *Lov om folkebibliotek ved å utvikla ulike møteplassfunksjonar, vera debattarena og utvida litteraturformidlinga*. Flytting til dei tidlegare tannlegelokala og kantinen vart sett på som beste alternativ. Kultureininga reiste etter anbefaling frå rådmannen og fylkesbiblioteket på studietur til Edinburgh for å sjå på løysingar i bydelsbibliotek der ulike kommunale tenester er samla i og rundt

biblioteklokala. Frå haust 2014 hadde kultureininga og tenestetorget fleire fellesmøter der alle tilsette vart samla for å diskutera kva konsekvensar flytting av biblioteket til fyrste etasje ville medfører for tenestetorget og kva oppgåver ein kan samarbeida om. Dei to einingane hadde òg ein studietur til Odda, der biblioteket har alle publikumsretta oppgåver av tenestetorget.

I oktober 2015 søkte biblioteksjefen om opptak i Hordaland fylkesbibliotek sitt utviklingsprosjekt «Sterk, spenstig og klar»; «*Prosjektet har som mål at innbyggjarane i Hordaland skal oppleve fornya biblioteklokale og meir aktiv formidling i det fysiske og digitale bibliotekrommet, biblioteka i Hordaland skal systematisk og planmessig bli betre i stand til å oppfylle den nye formålsparagrafen i biblioteklova (...).*» Den 19.1.16 tildelte *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* ved Hordaland fylkeskommune status som modellbibliotek 2016 som eitt av tre prosjekt som fekk ei løyving på kr 100 000 under føresetnaden at kommunen skulle gå inn med minst det same beløp i prosjektet. I etterkant vart behandlinga av saka utsatt grunna usikkerheit rundt kommunestrukturen. I oktober d.å. etterlyste fylkesbiblioteket svar på tildelinga.

## Vurdering av plassering av bibliotek

I prosessen diskuterte me ulike alternativet for bibliotek i andre kommunale bygg, som t.d sentrumstunet, den nye bygdaheimen og samfunnshuset. Telemarksforsking foreslo samanslåing med skulebiblioteket. Det finst kombinasjonsbibliotek rundt omkring i landet, men der er det oftast skulebiblioteket lagt til folkebiblioteklokala. Lægreid skule har ikkje ledig rom for eit kombinasjonsbibliotek per i dag og folkebibliotektilbodet ville kollidere med undervisningstida.

Flytting innanfor kommunehuset vert difor sett på som mest ressurseffektivt; det er her kommunen har kontinuerleg bemanning i ein eksisterande publikumsteneste året rundt som biblioteket kunne samarbeide med. Odda kommune har ein modell der biblioteket er fyrstelineteneste for innbyggjarane, lignande døme i Edinburgh. Eit samarbeid mellom bibliotek og tenestetorget vil gje synergieffektar som kan redusera vikartrong på begge sider ved sjukdom eller ferie og samtidig skapa meir kontinuitet i tenestekvalitet grunna kunnskapsdeling.

### Vurdering:

Kulturutredning 2014 seier det fylgjande om folkebiblioteka: «*Hovedansvaret for utviklingen av folkebibliotekene ligger hos kommunene. Gjennom folkebibliotekslovene de forpliktet til å opprettholde et slikt tilbud for sine innbyggere, men loven regulerer i liten grad innholdet og omfanget av dette tilbuddet. Det ser ut til å være bred oppslutning på folkebibliotekfeltet om målet at bibliotekene skal utvikles som offentlig møteplass og debattarena. Samtidig innebærer dette målet en betydelig utfordring for folkebibliotekene med hensyn til blant annet lokaler, åpningstider og bemanning. Dette ser i første rekke ut til å være en utfordring for distriktskommunene. Mange av folkebibliotekfilialene i landets distriktskommuner er små, de har lokaler som er uegnet til møteplassrollen, og de har også åpningstider som ligger til hinder for en utvikling av denne rollen.*»

Eidfjord er altså ikkje åleine om kombinasjonen av deltidsstillinga, begrenset åpningstid og ufordelaktig beliggenhet som gjer det utfordrande å oppfylla krava i den nye folkebiblioteklova. Hordaland fylkesbiblioteket sitt utviklingsprosjekt «Sterk, spenstig og klar» (2014-2016) er retta mot folkebiblioteka med dei ovanfor skisserte utfordringane.

Prosjektet er eit tilskot på kr 100 000,- og gjev tilgang til profesjonelle konsulenttenester innanfor bibliotekfeltet. Kravet til kommunen er å løyva eit tilsvarende beløp. 2016 er siste året i dette prosjektet og det vil ikkje vera mogleg å søkja om modellbibliotek til neste år. Kommunen sitt bidrag skal finansierast via bruk av eksisterande disposisjonsfond ( interkommunal barnebibliotekar som vart avslutta 2004 ) kr. 66 000, evt. overskot frå inneverande årsbudsjett og driftsmidlar frå bibliotekbudsjettet for 2017.

Samfunnssdelen til kommuneplanen punkt 5.6 «oppvekst, livskvalitet og kultur» s. 12 har som strategi «å vidareutvikle bibliotektilbodet i trå med lov om folkebibliotek». Eit av grepene er då å gjera bibliotektenesta meir publikumstilgjengeleg for alle og i alle aldre. I dag har mange eldre som har slutta å koma på biblioteket fordi «reisa vert for lang». I tillegg er det ressurssparande å samordne publikumstenesta mellom bibliotek og tenestetorget.

**Økonomiske konsekvensar:**

Bruk av disposisjonsfond : Interkommunal bibliotekar Kr. 66 000,-, overskot av driftsbudsjettet for inneverande år og midlar frå biblioteket sitt driftsbudsjett 2017

**Juridiske konsekvensar:**

Ingen kjende

**Miljømessige konsekvensar:**

Ingen kjende

**Personalmessige konsekvensar:**

Bruk av personalressursar knytt til flytting og tilrettelegging

**Konsekvensar for folkehelse:**

- Betre tilgjengeleghet for eldre og uføre
- Møteplass for mange ulike målgrupper
- Universell utforma bibliotek

Geir Underhaug  
rådmann

Lisbeth Bygstad Celik  
sakshandsamar